

ÅRSRAPPORT

Lindås

Idrettslag

2024



Innhold

1.0 Målsetning for Lindås Idrettslag.....	2
2.0 Årsberetning 2024, styret.....	3
2.1 Samansetjing	3
2.2 Styrets arbeid	3
2.2.1 Styremøter.....	3
2.2.2 Aktuelle saker og årsberetning for styret	4
Henrik og Jimmy tek i mot støtte frå SPV.....	7
Ny ATV på plass utanfor hallen	7
3.0 Medlemstal.....	7
3.1 Oversikt 2023.....	7
3.2 Medlemsutvikling	8
4.0 Årsberetning 2024, gruppene.....	8
4.1 Avdeling 1, Fotballgruppa	8
4.1.1 Samansetjing.....	8
4.1.2 Årsberetning lag.....	9
4.1.3 Senior, Damer/Herrer.....	9
4.1.4 Gutter 2011 / 2012	10
4.1.5 Jenter 2012	13
4.1.6 Jenter 2013	15
4.1.7 Gutter 2013.....	16
4.1.8 Jenter 2014	19
4.1.9 Gutter 2016	20
4.1.12 Jenter 2017	21
4.1.13 Gutter 2017	22
4.1.14 Jenter Ballspill (Håndball og fotball) 2018.....	23
4.1.13 Gutter Ballspill (Håndball og fotball) 2018.....	24
4.2 Avdeling 2, Trim-/ Friidrettsgruppa.....	25
4.3 Avdeling 3, Handballgruppa.....	27
4.3.1 Årsberetning Gutter 7/8 (2016/2017)	27
4.3.2 Årsberetning G9/10/11 (2015/2014/2013).....	28

4.3.3 Årsberetning gutter 14/15 (2010/2009)	29
4.3.4 Årsberetning Jenter 6 (2018)	30
4.3.5 Årsberetning Jenter 7 (2017)	31
4.3.6 Årsberetning Jenter 8 år (2016).....	31
4.3.7 Årsberetning Jenter 9 (2015)	31
4.3.8 Årsberetning jenter 10 (2014).....	32
4.3.9 Årsmelding Jenter 11 (2013)	32
4.3.10 Årsberetning Jenter12 (2012)	34
4.3.11 Årsberetning Jenter 14 (2011/2010).....	34
4.3.12 Årsberetning 5, 6 Div. og junior damer.....	36
4.4 Avdeling 4, Idrettskulegruppa.....	36
4.4.1 Årsberetning.....	36
4.5 Avdeling 5, Turngruppa	38
4.5.1 Dameturn.....	38
4.6 Avdeling 7, Discgolf.....	38
4.8 Avdeling 9, Volleyball	43
5.0 Økonomi	45
5.1 Kontrollutvalgets beretning.....	45
5.2 Årsregnskap.....	47
5.2 Budsjett 2025	55
6.0 Handlingsplan 2024	59
6.1 Styret.....	59
6.2 Avdeling 1, Fotball	59
6.4 Avdeling 3, Handballgruppa.....	59
7.0 Utmerkelser Lindås Idrettslag	61

1.0 Målsetning for Lindås Idrettslag

Lindås idrettslag har som oppgåve å gje eit totalt idrettstilbod innanfor dei til ein kvar tid gjeldande økonomiske og treningsmessige moglegheiter.

Dette kan skje gjennom eiga arbeid, utvida kontakt med andre lag og organisasjonar i bygda, samt samarbeid med skulen.

Tilbod må leggjast til rette slik at alle kan delta ut frå eigne forutsetningar og behov.

Masseidrett gjennom mosjon i alle aldersgrupper er hovudaktiviteten i klubben vår, samtidig må me leggja forholda til rette for konkurranseaktivitetar innanfor ei forsvarleg økonomisk og idrettsleg ramme.

I alle aktivitetane som laget driv, skal det leggjast vekt på ei sosial, helsefremmande og trivselskapande profil.

Denne skal markerast ovanfor politiske myndigheiter.

Viser også til klubbhandboka vår, på våre nettsider (<http://lindaas-il.idrettenonline.no/p/30773/klubbhandbok>) som er styrande dokument for klubben.

Klubbhandboka skal sikre at det er i samsvar mellom det som er bestemt og det som blir gjort.

2.0 Årsberetning 2024, styret

2.1 Samansetjing

Leiar: Henrik Lindås

Nestleiar: Anniken Aadneram

Styremedlemmer: Lisa Marie Askeland, Monika Knarvik, Jimmy Monsen, Erlend Vabø, Stian Støldal og Roger Sætran

Varamedlemmer: Marita Johnsen, Jane Feste, Else Marie Kjøs

Valkomit : Malene Vab  R nhovde, Solfrid Fjellsb , Espen R d og Raymond Johnsen

Kontrollkomite: Ida Nordal og Helge Fjellanger

2.2 Styrets arbeid

2.2.1 Styrem ter

Det er avholdt 10 styrem ter i drifts ret 2024.

2.2.2 Aktuelle saker og årsberetning for styret

2024 har vore eit flott år i Lindås Idrettslag. Det har vore høg aktivitet i alle grupper, og idrettslaget er i vekst. Ved nyttår nådde idrettslaget 724 medlemmer, noko som er ny rekord! Styret har halde fram arbeid med å forenkle prosesser, og med å ha riktige IT verktøy til å støtte oss i arbeidet. Det gler oss å sjå at implementeringa av Spond har gitt oss god kontroll på medlemsregisteret og forenkla utsending av kontingenter.

Styret sitt fokus har vore, og kjem til å halde fram å vere, å støtte oppunder all aktivitet.

Idrettslaget har god økonomi, mange eldsjeler og eit flott idrettsanlegg. Her ligg alt til rette for vekst og idrettsglede i åra som kjem.

Det er ein stor jobb å drifte eit idrettslag med over 700 medlemmer, me kjem difor til å ha fokus på struktur og orden. Dette kjem me til å bygge vidare på i året som kjem, og hausten 2024 kjøpte me inn eit styringsverktøy «Orgbrain» for å støtte oss i dette arbeidet. Styret har under vurdering å starte opp att arbeidet med å bli sertifisert som NFF Kvalitetsklubb og NHF Klubbhuset. Me ønsker å ha ei raud linje gjennom heile idrettslaget, at alle våre medlemmer er kjent med og føl opp sportsplanar og klubbhandbok – og at me gjer det beste tilbodet me kan gje til barn og unge. Dette er eit stort arbeid og me har eit perspektiv på fleire år for å få dette skikkeleg til.

Vidare kjem oppfølging av politiattestar for våre frivillige til å bli eit satsingsområde i 2025. Me har no fått på plass eit betre system for oppfølging av dette. Dette er det viktigaste me skal ha kontroll på.

Styret har gjennomført 10 møter i 2024, og styrearbeidet har vore prega av mange saker og lange møter. Det har vore ein suksess å inkludere leiar i fotball og handball i styret, dette minskar avstanden. I 2025 vil me søke å knytte enda tettare band mellom styret og gruppestyra, og i løpet av året så vil leiar eller ein representant frå styret delta på gruppestyremøte i alle gruppene.

Styret fekk av sist årsmøte i oppgåve å utforske moglegheit for samarbeid med andre klubber innanfor ungdomsidrett, samt sjå på moglegheit for å tilsette ein dagleg leiar.

Gruppa som ser på dagleg leiar treng meir tid i sitt arbeid, og me satsar på å komme tilbake til denne saka på årsmøte i 2026. For samarbeid med andre klubbar har det vore dialog med Austrheim, det vil me fortsette med. Det har også vore dialog med NBK der det kan gå mot eit meir formalisert samarbeid. Arbeidet går føre seg i skrivande stund.

Det var mange høgdepunkt i idrettslaget i 2024, den største kom ved opning av Lindås IL si eiga discgolf bane. Eit stort tal dugnadstimar vart lagt ned her for å få bana i stand, med Bård Groenhaug og Jarle Johannessen i spissen. Me vil òg takke grunneigar Einar Lygre som har stilt delar av sin eigedom til disposisjon. Me ser at bana vert brukt av svært mange, og det er gledeleg at idrettslaget ikkje berre har organisert aktivitet – men kan tilby anlegg som er gratis og ope for alle.

Sportsleg fekk me gode resultat, og me vil trekke fram handball damer sine to senior lag som begge spelte opprykkskampar. I ungdomsidretten hadde me fleire lag som hevda seg godt i Førde Cup.

I fotball har me utfordringar med å halde på ungdommane, men fotballgruppa har satt i gang eit arbeid for å stoppe denne utviklinga. I senior fotball kom diverre A-laget på siste plass i 7 divisjon, men det positive er at no kan det berre gå oppover! Også her har fotballgruppa ein ambisjon om å snu denne trenden. Me trur på lysare tider framover.

Tradisjonen tru vart det arrangert nyttårscup i hallen, med Sølve Leirvåg i spissen. Dette er eit stort og flott arrangement som me set stor pris på.

For ungdommer Lindås Idrettslag har oppfostra så vart høgdepunkta at Julianne Berntsen Herland vart tatt ut vinteren 2025 til landslagssamling på LK08. Jonas Sleire og Kristian Lindås vart kretsmester for NBK i G19 klassen.

Det vart i 2024 òg lagt ned ein stor innsats på grasbana og områda rundt. Eldsjelgruppa med Kim Johannessen, Magne Tresvik, Jimmy Monsen og Henrik Lindås skal ha stor takk for dette arbeidet. På kunstgrasbana vart innbytarbenkar og bod ferdig. Idrettslaget vil halde fram opprustinga av grasbana og idrettsparken i 2025. Det er planlagt nye mål, innbytarbenkar og kanskje ei lita tribune. Det vert pussa opp i garderoben ved grasbana, og i kiosken. Det er kjøpt inn TV-ar til klubbhuset og kiosken, me håpar dette vert sosiale arenaer fleire nyttar seg av.

Denne vinteren fekk me igjen gode snøforhold på Kolåsfjellet, og Atle Lauvås tok på seg å køyre opp løyper. Lysløypa vart bygd på dugnad i 1985, og me er heldige som har eiga lysløype på Lindås. Diverre ber det elektriske anlegget preg av alderen, og det er no på tide med ei opprusting. Idrettslaget vil difor i 2025 oppgradere inntaksskap og lysbrytar, samt bytte ut ein del øydelagde lys med nye LED lys.

Me fekk mykje støtte frå næringslivet i 2025, med dei største summene tildelt frå

Sparebanken Vest: 285000 kr til klespakke til alle born og 150000 til robot grasklippar. For roboten fekk me også 30000 frå Alver Kommune.

Utpå hausten tildelte Equinor oss 100000kr i støtte til discgolfbana.



Robot grasklippar i gong på graset. Utdeling av klespakker i hallen jan. 25

Me er glade for det gode samarbeidet me har med Alver Kommune, dette er viktig for oss. I dag har me driftsavtalar for kunstgraset og for Lindåshallen. Begge desse avtalane skal reforhandlast i 2025 og idrettslaget vil forsøke å fornye dei. I tillegg har me tilsynsavtale for Vardebu på Kolås fjellet.

Turgruppa har fungert delvis utanfor idrettslaget dei siste åra som Lindås Turlag. Den siste tida har det vore ei glidane tilbakeføring til idrettslaget, og dette vil halde fram i 2025 der turgruppa igjen er fullt under idrettslaget. Dette gler oss stort, og me må skryte over den enorme innsatsen som vert gjort i turløypene. Håkon Vabø og resten av dugnadsgjengen gjer eit stort arbeid for oss alle. Trim og friidrettsgruppa melder om at det i 2024 har vore om lag 24000 som har skreve namnet sitt i bøkene på Kolås fjellet, Lauvåsvarden, Hellestveitnova, Skausnøya og Selivarden!

Det vert gitt ut mange innsatspokalar i år, og enda fleire har vore nominert. Styret er veldig glad og takksam for dette – det er mange som gjer ein stor dugnadsinnsats i laget vårt! Så mange var det i år, at styret valte å ikkje gje til dei nominerte som også fekk i fjor. Dei vert likevel nemnt her, og skal ha ein stor takk: Torbjørn Sætre, Jimmy Monsen, Magne Tresvik, Henrik Lindås, Kim Johannessen.

Årsmøtet for 2023 godkjente innkjøp av ATV til idrettslaget. Det gler styret å sjå kor viktig hjelpemiddel denne har vore for fleire grupper. Spesielt har den vore nyttig for discgolf i arbeidet med å få i stand bane og for turgruppa i deira arbeid på Kolås fjellet. Styret vil arbeide i åra framover for å skaffe kvalitetsutstyr som fremmer aktivitet og dugnadsinnsats.

Oppsummert så har idrettslaget god økonomi, god styring og er i vekst. Styret ser lyst på framtida og me vil halde fram arbeidet med å auke aktivitet i alle grupper.

Det er framleis behov for fleire frivillige i idrettslaget, og me treng at fleire av våre medlemmar involverer seg i verv og dugnadsarbeid.

2.3 Eigedom

Lindås Idrettslag disponerer i dag følgjande i samarbeid med Alver kommune:

- Grasbana
- Kunstgrasbana
- Reiskapshuset
- Volleyballbana
- Klubbhuset
- Løpebana



Henrik og Jimmy tek i mot støtte frå SPV



Ny ATV på plass utanfor hallen

3.0 Medlemstal

3.1 Oversikt 2023

Medlemsoversikta må vise aktivitetstal i ulike grupper i laget (til dømes fotballgruppa, turngruppa osv.). Lagets totale medlemstal må også kome fram.

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	Over 20 år	Barn og unge til og med 19 år	Totalt
Fotball	0	127	48	51	175	226
Trim - Friidrett	0	0	0	30	0	30
Håndball	0	109	56	18	165	183
Idrettskule	69	0	0	0	69	69
Gymnastikk og turn	0	0	0	12	0	12
Volleyball	0	0	0	17	0	17
Discgolf	0	0	2	31	33	33
Aktive totalt	69	236	106	159	442	570
Medlemmer med verv / trenere / andre				154		154
Totalt	69	236	106	313	442	724

3.2 Medlemsutvikling

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2022	2023	2024
Totalt	675	636	694	678	643	618	641	686	724

4.0 Årsberetning 2024, gruppene

4.1 Avdeling 1, Fotballgruppa

4.1.1 Samansetjing

Leiar: Jimmy Monsen Nesbakk

Nest leiar:

Økonomi: Nathalie Villanger

FIKS ansvarleg: Harald Lervåg

Kiosk ansvarleg: Tom-Erik Ask

Dugnad/Arrangement: Isabell Hansen

Årsrapport, Lindås idrettslag 2024

Sportsleg ansvarleg: Kim Johannessen

Material ansvarleg: Kristian Andås

Medlem/lagkontakt:

Dommar ansvarleg: Kim Johannessen

Bane ansvarleg: Magne Tresvik

Nyttårscup ansvarleg: Sølve Leirvåg

Vi har hatt gjennomsnittleg 1 møte i månaden bortsett frå sommarmånadene.

- Vi starta opp med «trenar forum» for alle trenarar og lagleiarar i klubben.

Alle lag fekk 2000,- til sosiale avslutnings arrangement, som blei brukt både til sommar og avslutningsfest.

- Nokre valte pizza og brus på klubbhuset, medan andre var på flipzone og hadde det moro.

Vi har samstundes fått nye ting til fotballbana som innbytarbenker og reiskapshus.

4.1.2 Årsberetning lag

4.1.3 Senior, Damer/Herrer

Ikkje motteke.

4.1.4 Gutter 2011 / 2012



Trenere: Øystein Kvamme og Espen Rød

Lagleiar: Isabell A. Hansen

Treningstid: Mandag og onsdag

Kampdag: Tirsdag for G12 og torsdag for G13, samt noen helge-kamper og endringer underveis.

Treninger:

G12 og G13 trener sammen. Espen og Øystein samarbeider tett og har fulgt opp begge lagene.

Serien:

G12: 9 mot 9, 70 min. Antall spillere per desember 2024: 11

De hadde en tøff vår sesong med mange tap. Her har laget hatt en flott utvikling etter og høst sesongen har vært som et eventyr, hvor de bare har blitt bedre og bedre. Et par tap og mange fine seire, men best av alt så har de spilt bra fotball og har hatt en veldig god utvikling.

G13: 9 mot 9, 70 min. Antall spillere per desember 2024: 15

De har hatt første sesong i ungdomsfotball. De syntes det er spennende med tabell og har spilt mange gode kamper, men det har også vært utfordringer. De har møtt tøff motstand, samt at 2 lag trakk seg fra puljen, så de har fått spille færre kamper enn planlagt. Selv med dette, så er de motivert for en ny sesong.

Mål for neste sesong:

Øystein og Espen går av som trenere etter endt sesong 2024. Vi er veldig takknemlig for all tid og arbeid de har lagt ned i barne- og ungdomsfotballen i mange år på Lindås.

Jimmy Monsen, Benjamin Vabø og Anders Sæverås tar over som trenere for 2025 sesongen. Det vil bli fokus på å løfte ungdomslagene og prøve å gi dem et godt tilbud på Lindås. Det blir satt i gang nye rutiner og tiltak på både det sosiale og det sportslige og vi vil ha med oss foreldregruppen mye mer enn vi har hatt før.

Jimmy og Anders har startet som trenere vinteren 2024/2025. Benjamin er med fra nyåret av. Laget har hatt tilbud om innetrening i Lindås hallen i desember, samt styrketrening 1 gang i uken for ungdomslaget, som har vært et prøveprosjekt i samarbeid med ungdomslagene på håndball og Mova Lindås.

Laget reiser til Sogndal på cup sommeren 2025 og våren vil bli brukt til å samle inn penger til turen.

Vi håper også at det i 2025 vil bli rom for mer sosialt, for å knytte gruppen enda tettere.

Vi fikk, på tampen av sesongen, flere nye spillere som vil prøve seg på Lindås, noen har spilt fotball før og noen er nye. Dette er veldig kjekt og vi håper at alle blir med oss inn i neste sesong.

Vi ser lyst på året 2025 og gleier oss til å ta fatt i de utfordringene som vil møte oss, med 2 lag i ungdomsfotballen. Det vil bli et tettere samarbeid mellom G12, G13 og G14. Disse lagene vil ha samme treningstid neste år.

Cup'er:

G12 spilte i NBK PSW group cup i februar.

G13 var påmeldt kvernbit nattcup i januar, men denne ble dessverre avlyst.

I juni reiste et blandet lag med G12 og noen G13 spillere til Sogndal for å delta på Lerum cup. Hele gjengen sov med foreldre på campingplass og dette var veldig sosialt og gøy for både barn og voksne. Laget spilte bra og hadde en veldig positiv opplevelse. God stemning, gøy heiagjeng og teambuilding på høyt nivå, en helg for minnebøkene.



Fosshaugane campus, Lerum cup i Sogndal, 2024

Fra venstre: Sander Søreide Mjelde, Lukas Vabø, Aksel Rød, Oliver Fjellsbø Kvamme, Henrik Hansen, Torstein Refsdal, Emil Søreide Mjelde, Daniel Martinsen Kolås, Leander Jørgensen Hope, Adrian Nistad. Foran: Peder Rød. Ikke på bildet, men som var med på cup: Elias Storheim.

I november deltok G12 på Åsane bama cup. Dette er siste året de kan delta på denne cupen og de har hatt mange kjekke helger her.

I november deltok G13 på framo cup. De stilte med 2 lag, med hjelp fra G12. Her spilte de kamper tidlig på lørdag morgen og sluttspillet var seint på kvelden og finale utover natten.

Det var blandede følelser når de ikke kom videre, men de fikk spilt masse bra fotball og hadde en gøy opplevelse.

Sosialt:

Laget har hatt pizza kveld i klubbhuset, vært på Brann stadion og sett Brann spille mot Hamkam i eliteserien, spist is og badet etter strandrydding og hatt spiller og supporter lunsj i klubbhuset før sesongens siste hjemmekamper. Vi har hatt selskapsleker og konkurranser, favorittene er alltid voksne mot barna.



Bilde fra spiller lunsj med G12, spillere, trenere og foreldre.

Dugnad:

Gjengen har hatt strandrydding med foreldre og søsken. Her var det veldig bra oppmøte og de samlet inn penger som skal brukes til cup sommeren 2025.

Laget har også deltatt på 2 bambusa salgsrunder og solgt lodd til nyttårslotteriet.

De har hatt kioskvakter under nyttårscuppen, vært vakter på Lindås fest og hatt rydding og vasking inni og utenfor klubbhuset.

Begge lagene har hatt åpen kiosk og kampvert på alle hjemmekamper.

Foreldremøter:

Tirsdag 02.04.24 og mandag 28.10.24.

4.1.5 Jenter 2012

Trenar

Kristian Andås, Hege Hatlem, Stian Sylta og Torbjørn Sætre.

Stian og Hege har vært travel og meldte på hausten seg av for den kommande sesongen, her trenger

vi to nye ressursar.

Lagleiar

Torbjørn Sætre.

Hanne Bertheussen har overtatt dei «ikkje sportslege oppgåvene» av lagleiar rolla (dugnad, etc.)

Spillere i gruppa ved utgang 2024

Vi er 19 jenter i gruppa, av desse er heile 18 særskilte aktive (som regel på trening).

4 av dei 19 jentene er f. 2013 og 2 av dei er f. 2011.

Gruppa har hatt ein fin vekst med spillere dei siste par åra og dei nye har blitt godt integrert i gruppa.

Treningar

Saman med handballen har me et «high season» og «low season» konsept der me bytter på kven idrett som har 2 økter/u som skal prioriterast og kven som har 1 økt/u. Fotballen har trent tysdag og torsdag.

Vi har hatt nokon ekstra treningar innimellom og vi har hatt nokon jenter som har supplert på treningsmengda sin med økter på Sone og klubbtrening NBK.

Det har vært bra oppmøte på treningane våre (ofte fulltalig) og det er en fin kultur i gruppa for å trene og for å være grei på trening. Vi har også jobba en del med dette og samen med jentene har vi satt en norm som vi opplever som svært positivt for miljøet og utviklinga i gruppa.

Kamper

Serie

Jenter 2012 har spilt seriespel 9'ar fotball. Jentene har hatt en fin utvikling i spill og meistring utover året og hadde mange gode kamper og opplevingar. Me ønsker å spele vår fotball med kontroll, ballinnhav og styre kamper gjennom eit bra, modig og utviklande grunnspel.

2013 og 2011 jentene har også deltatt på 2012 laget i seriespelet. Grunna mengde spillere så har me hatt rulleringsplan. Det har påverka spelstyrken vår noko, men alle har fått jamt med kamper og speletid.

Cup

Jentene har også deltatt på fleire cup'er (5-6 stykker), møtt god motstand og hatt mykje bra spel og resultat. Meistring og god stemning. På våren deltok vi på Lerøy Jentecup i Sandviken, på sommaren var vi i Lerum Cup i Sogndal, vi har deltatt på PSW Cup og Kvernbit Cup. Til samen på dei cupene der tapte jentene kun 1 kamp 😊 😊

På slutten av hausten gjekk lufta litt meir ut av gruppa føltes det som, og veldig mange hadde mye handball også. Så vi hadde en litt svakare avslutning på sesongen i de siste par seriekampane og i den siste cupen vi deltok på Åsane Kiwi Bama Cup.

Alt i alt eit rikt og riktig kamptilbod til jentene for å styrke utvikling, samhald, meistring og glede med fotballen.

Sportslege mål

For 2024 så var målet å fortsette arbeidet med utvikling og treningskultur i laget. Me øvde på lagspel og samhandling, ro i oppbyggane spel, individuelle ferdigheiter/teknikk og førsteforsvarer 1F, samen med 2F ser me er viktig for gruppa.

For 2025 så vil måla være ganske like. Me skal øve på lagspel, samhandling, ro med ball, fornuftig bruk av ball, og lagspel på få touch og så skal me forsøke å bli enda flinkare på å være direkte/kjapp til å angripe når moglegheitene er der. Me skal også øve litt meir på å få ballen i mål på sjansane våre.

Det er kjekt å sjå at fleire av jentene omfamnar sjølve spelet og kan ha refleksjonar og meiningar om valga me gjer, taktikk og øvingsmål.

Sosiale mål

For 2024 så var fokuset å styrke fokuset på lagreglene våre og å gjere forventningane til åtferd enda tydelegare. Dette jobba me også saman med jentene om. Me vil ha ei positiv gruppe som kjem på trening og kamp for å gjere sitt beste og heie på kvarandre, i medgang og motgang... Det skaper ei tro på at vi er «på veg en plass saman», og samhold og utvikling.

Her har jentene tatt store steg og blitt kjempegode. Me trenere trur også dette er ein av hovudårsakene til spelar- og sportsleg vekst i gruppa.

Dette er ferskvare som me vil fortsette å ha høgt fokus på i 2025.

Foreldremøte

Opptil fleire gjennomført i 2024.

2025 - Vi planleggar et foreldremøte i februar/ tidleg mars når ting er meir klart med trenere, cup'er og treningsoppsett.

4.1.6 Jenter 2013

Hovudtrenar: Hege Hatlem

Lagledar: Veronika Thue Honningsvåg

Spelarar: 5 frå 2013

Laget:

Laget har bestått av 5 jenter født i 2013, dei har fordelt seg slik at nokon har spelt seriekampar med 2014 og nokon har spelt med 2012

Trening:



Laget har hatt fast tysdagstrening saman med 2012 og fast torsdagstrening med 2014

Har fått treningstid måndagar inne i Lindåshallen når det er behov for det.

Kamp og cup:

Har deltatt i serieturnering med ca 3 kampar i månaden.

Har deltatt på cup påmeldt i 2013 gruppa, har då lånt spelarar frå 2014

Sportslege mål:

- Ballkontroll
- Godt samspel
- Pasning og mottak
- Få til eit godt samspel
- Halde plassane på bana

Sosiale mål:

- Inkludere alle
- Samarbeid på tvers av årskull
- Ha det gøy
- Lytte til trenar
- Følgje opplegget til trenar



Sosialt har gruppa hatt både sommaravslutning og juleavslutning, i tillegg har dei hatt ein sosialkvelds etter trening, målet er å få til fleire sosiale arrangement til neste sesong.

Kort om sesongen:

Godt humør på jentene. Har blitt betre på samspel og meir konsentrert på trening. Har hatt god utvikling i laget og opplever meir og meir meistring på kamp.

4.1.7 Gutter 2013

- Spillere 10-11stk
- 7'er fotball.
- Trening 2 ganger i uken
- I Vinter har de trent i gymsalen på ungdomsskolen og i Lindåshallen fra oktober.

- Har deltatt på NBK PSW CUP i februar. Austrheim Cup 1.juni før de tok turen til Voss 14.juni-16.juni på VossCup.

På Voss møtte de godt etablerte klubb lag som Sandviken, Sædalen, Loddefjord, Solid. Guttene viste interesse, vilje til å spille fotball og beit godt i fra seg mot disse klubbene.

- Gjennomførte Plastdugnaden og fikk inn 25.000,- etter strandrydding rundt Fanebust/Nautevågen. Vi avsluttet rydding rundt Lindåshallen, gressbanen og

kunstgressbanen.

I seriespill har de hevdet seg mot store klubber som Tertnes og Åsane som har endt med 4-11 & 3-9 seier på bortebane.

De har vunnet mot godt etablerte lag som NBK Alvidra, Eikanger, Radøy, Flaktveit.

Om det hadde vært gjeldene poeng i seriespill, så hadde nok G11 (Gutter2013) lagt i toppen og kjempet om 1-3.plass.

De er en godt sammensveiset gjeng som spiller mye fotball sammen på skolen, fritiden.

De har hatt stabilt bra oppmøte på trening og kamp som viser til at de trives med idretten de holder på med.

Trenere:

Kim-Arild Johannessen

Ørjan Bongom

Stian Kvalvik Nesse

Lagleder:

Trine Moldøen Johannessen

I 2025 er det overgang fra 7'er fotball til 9'er fotball. Vi jobber tett sammen med 2 andre lag. (Gutter2012 & Gutter2011)

Mål for seongen:

Det er å holde på flest mulige spillere. Skape en trygg treningshverdag for alle, med et godt miljø og et godt samhold i hele gruppen. For G12,G13,G14.

Vi håper det å kunne mixe på de ulike aldersgruppene vil gjøre at spillere utvikler seg både i fysikk, tempo og spillforståelse.

Vi gleder oss veldig til å reise på Sogndal Cup som en STOR fotball familie fra Lindås i 2025 og tror at dette vil skape et sterkere samhold og et bedre miljø i fotballgruppa til Lindås Idrettslag.





4.1.8 Jenter 2014

Årsrapport jenter 2014

Hovudtrenar: Kristian Andås

Hjelpetrenar: Hege Hatlem, foreldregruppa

Lagledar: Veronika Thue Honningsvåg

Spelarar: 9 frå 2014

Laget:

Laget har bestått av 9 jenter født i 2014, dei har hatt med seg 3 jenter frå 2013 på seriekampar.

Trening:

Laget har hatt fast tysdagstrening med Kristian når han er heime eller nokon frå foreldregruppa når Kristian ikkje har kunne.

Torsdagar har dei hatt trening saman med 2013 jentene og Hege.

Har fått treningstid måndagar inne i Lindåshallen når det er behov for det.

Kamp og cup:

Har deltatt i serieturnering med ca 3 kampar i månaden, gode resultat, jamne kampar og god meistring i laget.

Har deltatt på Austrheim cup, Sartor innecup, Kvernbit cup og PSW cup

Sportslege mål:

- Ballkontroll
- Godt samspel
- Pasning og mottak
- Få til eit godt samspel
- Halde plassane på bana

Sosiale mål:

- Inkludere alle
- Samarbeid på tvers av årskull
- Ha det gøy
- Lytte til trenar
- Følgje opplegget til trenar

Sosialt har gruppa hatt både sommaravslutning og juleavslutning, i tillegg har dei hatt ein sosialkvelds etter trening, målet er å få til fleire sosiale arrangement til neste sesong.

Kort om sesongen:



Godt humør på jentene. Har blitt betre på samspel og meir konsentrert på trening. Har hatt god utvikling i laget og opplever meir og meir meistring på kamp.

4.1.9 Gutter 2016

Trenerteam: Torbjørn Sætre, Monika Knarvik, Annette Hovland, Raymond Ahmer Nesse, Erik Møvik, Elias Gabriell Kawiche(fram til januar 2025) Stian Aakre(fram til august 2024)

Lagleiar: Annette Hovland

Laget

G2016 er ein gjeng fine, aktive og ivrige gutar. Gruppa består også av mykje fotballferdigheter, så blir spennande å følgje den vidare utviklinga.

Det har lagt på ca. 20 gutar denne sesongen. Nokre har tatt pause/slutta undervegs, mens andre har kome til. Godt oppmøte på både treningar og kampar, og me har kunna melde på 2 lag på kvar serieturning/cup.

Lagets 3 hovudreglar:

1. Vær stille når trenarane snakkar
2. Snakke fint til kvarandre
3. Gjer så godt du kan

Treningar:

Laget har hatt ei trening i veka på 1 time og 15 min. Dette har vore onsdagar. Me prøvde få inn ei ekstra trening torsdagar, men fekk det ikkje heilt i gang.

Me har som mål å kunne tilby to treningar i veka komande sesong (2025).

Turneringar/cupar:

Gutane har hatt eitt godt tilbod når det gjeld cupar og serieturneringar.

Dei har deltatt på følgjande:

- NBK – PSW cup
- Austrheim cup
- Kvernbit cup
- NBK Rema 1000 cup

- Åsane Kiwi Bama cup
- 3 serieturneringar
- Treningskampar mot NBK i Nordhordalandshallen ein søndag

Sportslege mål:

- Sjef over ballen
- Dueller og omstilling
- Spele oss framover på bana, kome til avslutning og avslutte på mål.
- Få alle gutane pålogga spelet

Sosiale mål:

- Skape ett trygt og kjekt miljø gutane imellom
- Jobbe med å skape ein fin treningskultur

Når det gjeld det sosiale, så har gruppa hatt spelkveld, sommeravslutning og juleavslutning. I tillegg hadde me ein kveld på hausten der me jobba med åtferd. Her fekk borna sjølv bidra med refleksjonar rundt det å være støttande og motiverande mot kvarandre på trening. Målet er å skape eitt godt lagmiljø der gutane gledar seg til å komme på trening og der dei tar vare på kvarandre på ein god måte.

Me vil i komande sesong(2025) prøve å jamleg legge inn sosiale samlingar der borna kan treffast utanfor trening og bli enda betre kjent på tvers av skulane.

4.1.12 Jenter 2017

Me har vore 5 spelare denne sesongen og har delteke på nokre turneringar og vore med på serieturningsspel. I vårhalvåret har me hatt fokus på å bli god med ball og ha det kjekt i lag. Det har vore utfordrande å få til kamptrening med kun 5 jenter på laget.

Frå hausten trente me difor i lag med J2016 og J2015 noke som ga god fremgang og var positivt for alle jentene. Frå januar 2025 vert dette laget slått i lag med J2018 og me håper og trur det vert veldig bra!

Årets store høydepunkt var serieturneringa på Lindås i mai i strålende solskinn.

Trenare: Tor Fredrik Nævdal, Henrik Lindås, Espen Rød

Lagleiar: Henrik Lindås



4.1.13 Gutter 2017

Trenere: Stian Wergeland og Joakim Madsen

Lagleder: Inger- Johanne Fjellsbø

Spillere: 9 stk

Trening:

Har hatt fast trening onsdager, men bytta til tirsdager i Sept. Har også hatt litt ekstra på torsdager, kjeme ha tirs og tors i 2025.

Serieturnering og cuper:

Har deltatt i fire serieturneringer, var veldig stas å delta på egen heimebane i Mai, faktastisk bra opplegg og nydelig vær.

Deltatt på mangen cuper. Guttene er veldig gira på kamper, så meldt på mangen cuper så dei får spele masse.

Sportslige mål:

Ballkontroll

Godt samspill/ lagspill

Holde plassene sine på bano

Høre etter på dommeren under kamper

Sosiale mål:

Inkludere alle

Lytte til trenerne

Ha kjekke og lærerike treninger sammen

Gode holdninger

Skal prøve få til nokre sosiale ting ilag utenom treninger og kamper utover våren 2025.

Litt om laget:

9 gutter med enorm fotball interesse og entusiasme. Vil helst spille mest mulig kamper og har stor ståpå vilje og vinnerlyst. Ikkje minst for å kunne lage kulest mulig feiring etter scoret mål. Ser at gruppa vokser godt ilag, dei har blitt ei god gruppe med godt samarbeid. Trenerne melder om gode treninger, utvikling og masse entusiasme.

Litt om tida framover:

Guttene og trenere/ foreldre gleder seg veldig til det skal begynne spilles 5er fotball på nyåret. Første cup blir i februar og guttene er veldig klare. Dei har trent lenge på dette og er veldig klare for å komme seg utav 3er banene og opp til større mål og friere bane, blir veldig spennande og følge guttene videre.



4.1.14 Jenter Ballspill (Håndball og fotball) 2018

Høsten 2024 startet en veldig spent gjeng med J2018 opp med HAFO (Håndball og fotball). Spente og livsglade førsteklassinger som lenge har gledet seg til livets første håndballcup og fotballcup i egne drakter!

Vi har vært en god jentegjeng på 14 spillere som har stilt på trening, miniturneringer både i håndball og fotball.

Vi har spilt håndballcuper på hjemmebane i Lindåshallen, vi har vært i Eidsvåg og på Nordnes. Vi har vært i Nordhordlandshallen og Vestlandshallen på fotballcup.

Vi er fire trenere som samarbeider godt og som alle synes det er veldig kjekt å ha 2018 jentene på trening hver uke. Vi har det veldig kjekt på trening, godt humør på både store og små, godt sosialt samhold og idrettsglede. Det er også utrolig fint å se samholdet til jentene og gleden de har av å være på trening sammen, samtidig som det er kjekt å se den utviklingen de har på banen og glimtet i øynene til hver og en når ballen går i mål! Veldig stolt over denne gjengen!

Det har vært vafler fra kiosken, fruktkorger fra BAMA som har gått ned på høykant, skollisser som må knytes, knebeskyttere, leggbeskyttere, scoringer, en god heiagjeng i flotte foreldre og engasjerte trenere som deler ut smil og highfives i fleng. Vi gleiar oss og er veldig klar for enda et møte nytt år i 2025 med håndball og fotball.



Trenar Fotball: Elias Gabriell Kawiche, Kai Kvinge, Annette Hovland, Monika Knarvik

Lagledar fotball: Veronika Thue Honningsvåg, Lene Nilsen

Trenar Handball: Anniken Aadneram, Marita Sævrås, Line Hundvin, Hilde Jordal

Lagledar handball: Natalie Villanger

4.1.13 Gutter Ballspill (Håndball og fotball) 2018

Laget:

Guter 2018 ei gruppe med 24 aktive og treningsglade gutar.

Trening:

Laget har faste måndagstreningar i ein time. Dei har treningstid både inne i Lindåshallen og ute på kunstgraset slik at dei kan veksle etter vær og behov. Treningane er stort sett delt opp i ulike stasjonar der dei får øvd på både handball og fotball og både teknikk og spel.

Cup og serieturnering:

Når det kjem til fotball har dei deltatt på Rema1000 cup i Knarvik og KiwiBama cup i Åsane.

I handball er dei påmeldt serieturnering og har spelt tre rundar før jul.

Sportslege mål:

- Ballkontroll
- Forstå enkelt spel og reglar
- Samspel

Sosiale mål:

- Ha dei gøy og finne idrettsglede
- Dele på ballen og inkludere
- Lytte til trenarane

Sosialt har gruppa hatt juleavslutning på mediateket i Lindåshallen etter trening i desember. Då pynta dei pepperkakehjerter, fekk utdelt pokal og pizza som kveldsmat .



alle

åt

Kort om sesongen:

Kjekk og engasjert gjeng, men mykje stå på vilje og vinnarlyst.

4.2 Avdeling 2, Trim-/ Friidrettsgruppa

Samansetjing:

Styret har i 2024 bestått av:

Leiar: Ingvald Gjesdal

Styremedlem: Atle Rød

Styremedlem: Frode Røsland

Styremedlem: Nils Lauvås

Årsberetning:

Mandagstrimmen: Kontaktperson/trenar: Atle Rød

Dette er hovudaktiviteten i gruppa. Faste trimkveldar kvar mandag frå september til april. Oppmøtet har vore mellom 8 til 15. Dei fleste startar med ein time i styrkerommet i 2. etg, før ein time gymnastikk, styrketrening og ballspel startar i Lindåshallen 19:30.

«**Styrketreningsgruppa**» i Trimrommet. Trimgruppa disponerer trimrommet i 2.etg i Lindåshallen mandag og torsdag 18:30 til 20:00. Trimrommet er velutstyrt med utstyr som sykklar, tredemøller, vekter og div utstyr for både mage, rygg, lår og legg. Noko av utstyret i trimrommet er kjøpt av Lindås IL. Oppmøtet har jamt over vore 5 - 10 personar.

Orientering: Trimgruppa har i 2024 arrangert eitt orienteringsløp med 36 deltakarar i Fjellanger-marka. Løpet var eit av fleire løp i Nordhordlandskarusellen som kvart år blir arrangert av orienteringsklubbane i Nordhordland. Kontaktpersonar for orientering er John Jørgenvik og Ingvald Gjesdal.

Tur- og Topptrimmen: Tur- og topptrimmen har i mange år vore ein populær aktivitet: i sesongen som vart avslutta 30.april 2024, vart det registrert vel 24000 besøk på dei 6 toppane

Årsrapport, Lindås idrettslag 2024

Kolås fjellet, Lauvåsvarde, Hellestveitnova, Skausnøya og Selivarden. Dette er ein liten oppgang frå i fjor. Sesongen går frå 1. mai til 30. april året etter.

For trim-/friidrettsgruppa;

Ingvald Gjesdal

Jan 2025

4.3 Avdeling 3, Handballgruppa

Leiar: Roger Neteland Sætran
Sekretær: Hildegunn Neteland Sætran
Kasserar: Gerd Mari Fonnes
Sportsleg leiar: Roger Neteland Sætran
Dommaransvarlegarleg: Roger Neteland Sætran
Materialforvaltar og dommarutviklar: Roald Solen
Trenaransvarlegarleg: Charlotte N. Grimstad
Påmeldingsansvarlegarleg: Lene F. Sylta
Prosjektansvarlegarleg: Janne Rabben
Medlemsansvarlegarleg: Trine Moldøen Johannessen
Dugnadsansvarlegarleg: Christian Tredal

Vi har gjennomført 7 styremøte, hovudsakeleg 1 gong pr. månad utanom på sommaren.

Vi har gjennomført fleire trenar/lagleiar-møter, og felles handballavslutning for barnelaga.

Vi har gjennomført påskekalendar som er med å bidra til å halde treningsavgifta til handballen nede.

Lindås IL var godt representert på Førdecup i august med 9 lag, gode prestasjonar frå alle lag. Vi vant og fair play prisen 2024 for Førdecup, spillere og trenere hadde gjort seg bemerkta gjennom helga med gode holdningar til medspelarar, dommarar og arrangør.

I 2024 har vi fortsatt den gode jobben med å auke dommarane i klubben. Vi har 4 aktive dommarar på nivå 1. Dette er eit viktig og kontinuerleg arbeid.

Vi har i tillegg 18 aktive barnedommarar, som vi brukar på våre heimearrangement i aldersklassen 6-11 år. Desse håpar vi at ønsker å gå vidare ved å ta dommar 1 kurset, sånn at vi får rekruttering opp på dette nivået.

Vi set veldig pris på alle dommarar som stiller opp for oss, samt det gode heimepublikummet som bidreg til at det vert kjekkare å spele kampar med mykje god stemning i hallen. I tillegg får vi mykje positive tilbakemeldingar på heimearrangementa våre, frå publikum og bortelaga.

Vi har mange positive og flinke trenarar/lagleiarar som gjer ein kjempejobb, og mange flinke dugnadsforeldre som bidreg til at vi kan halde oppe det høge aktivitetsnivået som vi gjer, takk for innsatsen til alle.

For styret i handballgruppa Roger Neteland Sætran.

4.3.1 Årsberetning Gutter 7/8 (2016/2017)

Trenere: Linda M. Hindenes, Svein-Andre M. Hindenes, Johan Gunnar
Lagleiar: Vibeke H. Sandtorv

Årsrapport, Lindås idrettslag 2024

Året har vært ganske stabilt ang spillerantall. Pr desember består laget av 10 aktive og engasjerte gutter f. 2016/2017 fra Lindås, Myking og Hundvin skolekrets.

I løpet av året har laget vært med på 7 turneringer + Rema1000 cup i Knarvik i april.

Det er godt oppmøte på treningene og guttene koser seg med handball.

Nytt fra i høst er «Vaffeltrening» - et sosialt initiativ for å skape samhold; etter trening siste mandag i mnd samles laget til vaffelkvelds. Dette har vært en suksess!

16.desember hadde laget juleavslutning i mediateket sammen med jentelaget, med pizza og pokalutdeling for året som har gått.

4.3.2 Årsberetning G9/10/11 (2015/2014/2013)

Trenere: Charlotte Grimstad, Benedicte Fanebust Søreide og Therese Einmo Frantzen.

Lagleiar: Astid Marit Hvidtsten Langhelle

Laget består av 11 gutter. 4stk 2013, 3stk 2014 og 4stk 2015. Det har vore litt frafall siste år, men heldigvis har det også komt nokre nye Ila vinteren. Her er gutter frå Lindås, Myking og Hundvin fordelt på tre ulike årskull.

På trening har vi hatt fokus på samme overordna tema over tid: eit sterkt forsvar som er det viktigaste me har, og å finne gode muligheter saman i angrep. Me ser god utvikling for laget i sin heilhet og økt samspel. Dette å alltid gjere så godt ein kan og støtte medspelarar ligg til grunn i alt me gjer. Skuddtrening fra ulike posisjonar, rett posisjonering og ikkje minst at laget saman må finne gode muligheter har me hatt høgt fokus på. Dette resulterer etterkvar i eit lag som er meir samspelt, støtter kvarandre og mindte fokus på enkeltprestasjoner.

Kampar: Det er påmeldt 2 lag i g10. Vinter og vår 2024 spelte me G9 og G10. Med eit mindretall av G10 spelarar var dette i stor grad tøff motstand, men guttane holdt humøret oppe. Etter sommaren har me hatt to lag i G10. Her har me møtt god matching i motstanderlag, og stort sett spelt jamnt. Det er då eit mål for oss at alle opplever mestring, og at me tilpasser lagets oppgåver etter motstanden me møter.

Cuper: guttane gleda seg stort over sin andre Førdecup i august 2024. Nokre overnatta på skulen og resten på hotell. Det var ei kjekk oppleving for store og små. Det er tøft å spele mot eldre motstandarar, og det blir ikkje alltid så mange mål. Men det sosiale er innertiar, og me ønskjer oss gjerne tilbake neste år.

Sosialt: Me har hatt eit lagmøte med fokus på det sosiale og at alle skal ha det bra og kjekt på trening uavhengig av utgangspunkt osv. Dette er ei viktig forutsetning for gode treningar, og me tar fjerne ein fot i bakken undervegs for å minne om felles spelereglar. Hausten 24 begynte me med felles trening med jenter 10 ein gong i veka. Dette har vore utviklande, blant anna fordi me får fleire å spele med - og motiverande.

Her har me ein kjekk og fin gjeng som har det kjekt i lag, og er godt i gang med inneverande sesong.

Me har som motto at me er best når alle gjer sitt beste 🦵

4.3.3 Årsberetning gutter 14/15 (2010/2009)

Gutter 14/15 består av 13 stabile handballspelarar, der 10 stk er fødd i 2010 og 3 stk er fødd i 2009. Sesongen 2024/25 var gutane påmeld i gutter 13-A, der vi spela med 2009- spelarane på dispensasjon. Gutane gjorde det godt, og vart den fjerde beste klubben i 13- årsklassen i Region Vest, med Bjarg, Fyllingen og Fana på plassane foran oss.

Vi avslutta sesongen med deltaking i Kongenparken-cup i Stavanger. Der vart det siger mot Askøy i B-finalen. Gutane møtte gode lag innleiingsvis, der dei blant anna fekk prøvd seg mot regjerande Peter Wessel- vinnarar i g.13(uoff.NM). Kjekt å kjenna på nivået og kjekt å oppleva at vi kan bite godt frå oss, også mot dei beste. B-finalen mot Askøy enda med storsiger, 20-12 til Lindås! Kongeparken inneholdt også bading på Solastranda og herjing i Kongeparken. Ei perfekt cup-helg!

Haustr betyr ny sesong for handballen. Før påmelding til ny sesong hadde vi spelermøte der laget saman ei gjorde ei vurdering av kva mål vi skulle ha for sesongen, sosialt og treningsmessig. Å fortsette med A-serie krev dedikasjon og engasjement. Gjennom dialog og avstemning endte laget på eit ønske om å fortsette på A-serie også komande sesong. Gutane spelar då 14-A, med 3 stk 2009 spelarar på dispensasjon, som i fjor.

Fysikken i eige og motstandardane sitt lag er tiltakande, og viktigheten av solid forsvar og samspel er tydeleg. Dette krev effektiv trening og i stadig aukande grad konsentrasjon på trening. Skadeforebyggjande trening er viktig og no er tida for å etablere gode vanar. Difor starta vi sesongen tidleg i august, med styrketreningsøkter i tillegg til handballtrening. Gjennom sesongen held vi på ei økt i veka med styrketrening i tillegg til skadeforebyggjande oppvarming. Gutane har tilbod om 4 treningar kvar veke. Ei trening er rein grunntrening/styrke, to treningar er med eige lag, der j.14 er invitert til å hospitera på den eine av dei. Den siste treninga er saman med 5. divisjon, for dei som er ivrige og vil trenar meir. Vi har også fått inn eit ekstra tilskudd gjennom Stian Gjerde vinteren 2024 på enkelte treningar, med verdifull erfaring og inspirasjon frå eigen handballspelar- og trenarkarriere. Allsidighet i treninga er viktig. Sjølvstøtt for den fysiske utviklinga, men også som eit sosialt tiltak. Difor har vi blant anna hatt innslag av turn i treninga, vi har hatt fotballtrening og deltatt på det årlege orienteringsløpet som orienteringsgruppa i idrettslaget arrangerer. Utfordrande og kjekt!

Gutane byrjar å bli teknisk og taktisk gode, samt at tempo har auka betraktleg det siste året. Fysikken til gutane er som den skal vera i denne alderen: Varierende. Det gjeld å vera tolmodig, noko som kan vera vanskeleg. Interesse for handball og trening er også varierende. Vi tilstrebar å ha eit godt tilbod til alle, både dei som vil trene to gongar i veka og dei som vil trene mykje.

Individuelle ferdigheter i forsvar og i angrep står fortsatt sterkt. Fokuset vi har hatt på enkelt samspel byrjar å gje uttelling, og øvingar der spelarane må ta val vert svært viktig framover. Aktive spelarar i alle posisjonar, og breidde både i forsvar- og angrepsspel er fortsatt viktige mål.

Gutane starta sesongen med cupspel, som oppkjøring til seriestart. Gutane som er fødd i 2010, deltok på Årstad sin åpningscup. Dei spelte gode kampar i innleiande

runde, vann pulja si og gjekk direkte til semifinalen. Der møtte vi eit godt Bjarg- lag, og tapte med tre mål.

Alle gutane deltok på Førdecup. Der spela vi i 2009- klassen. Lindås I.L deltok med mange lag i Førde, og gjorde seg bemerkta både på og utanfor bana, med gode haldningar hjå spelarar og på trenarbenken. Lindås I.L vann «Fair play»- prisen. Lindås gutter 15 vart valgt ut av arrangør og dommaransvarlegarlege til å motta prisen på vegne av idrettslaget, med melding om at laget skilde seg ut som ein god representant for Fair Play. Som i fjor stod guttane frå Lindås I.L også igjen som vinnarar i gutter 15 klassen.

Etter halvspelt sesong i 2024/2025 ligger laget i øvre tredjedel av tabellen og har hatt mange jamne, spanande og lærerike kampar gjennom hausten. Etter jul delast serien på midten og laga på øverste del møter kvarandre igjen. Vi går ein tøff vår i møte, der vi møter dei beste laga på nytt, men vi tek utfordringa!

Også i 2024 deltok me på Julecupen til Bergen Handballklubb, der me både får opprettholde treninga gjennom jula, ha det kjekt saman og verkeleg får utfordra oss på nye ferdigheter. Vi enda på 2. plass etter finaletap mot Fyllingen.

Vi jobbar fortsatt med fellesskapskjensle og trivsel for gutane. Vi opplever ei gruppe som har vorte trygge på kvarandre og tør å vera seg sjølv. Dette har vi jobba hardt for, både gutar og foreldre. Det er også ferskvare, som vi må fortsetje å jobbe med. Vår verdi målast ikkje i antal scora mål. For å vinna treng vi alle og vi treng støtte i kvarandre. Gjengen er læringsvillige på alle plan, og utruleg kjekke å vera saman med!

Av sosiale aktivitetar kan vi nemna handballkampar på storskjerm i hallen, mai-bading i Spjeldneset, deltaking på Trolljegerprøven på Fløyen, overnattingstur på Stord i forbinning med kamp og deltaking i diverse cupar.

G.14 jobbar framleis etter desse motto:

Enter vinner vi, eller så lærer vi! Angrep vinner kamper, forsvar vinner trofeer! Vi gjev aldri opp!

Helsing oppmann og trenarar

Helene, Jarl-Espen, Åsmund, Geir Vidar, Stian,

Benedikte, Unni og Hanne.

4.3.4 Årsberetning Jenter 6 (2018)

Høsten 2024 startet en veldig spent gjeng med J2018 opp med HAFO (Håndball og fotball). Spente og livsglade førsteklasinger som lenge har gledet seg til livets første håndballcup og fotballcup i egne drakter!

Vi har vært en god jentegjeng på 14 spillere som har stilt på trening, miniturneringer både i håndball og fotball.

Vi har spilt håndballcuper på hjemmebane i Lindåshallen, vi har vært i Eidsvåg og på Nordnes. Vi har vært i Nordhordlandshallen og Vestlandshallen på fotballcup.

Vi er fire trenere som samarbeider godt og som alle synes det er veldig kjekt å ha 2018 jentene på trening hver uke. Vi har det veldig kjekt på trening, godt humør på både store og små, godt sosialt samhold og idrettsglede. Det er også utrolig fint å se samholdet til jentene og gleden de har av å være

på trening sammen, samtidig som det er kjekt å se den utviklingen de har på banen og glimtet i øynene til hver og en når ballen går i mål! Veldig stolt over denne gjengen! Det har vært vafler fra kiosken, fruktkorger fra BAMA som har gått ned på høykant, skollis som må knytes, knebeskyttere, leggbeskyttere, scoringer, en god heiagjeng i flotte foreldre og engasjerte trenere som deler ut smil og highfives i fleng. Vi gleder oss og er veldig klar for enda et møte nytt år i 2025 med håndball og fotball.

4.3.5 Årsberetning Jenter 7 (2017)

I 2024 starta vi opp med treningar att etter skulestart i januar. Etter sommarferien starta vi opp igjen i august, og har jamt hatt ei trening i veka, med unntak av feriar. 9. desember var siste trening i 2024. På treningane spelar vi kamp, og øver på teknikk. Vi har fokus på lek og aktivitet både med og utan ball.

Vi har stilt eitt lag til tre miniturneringar vår 2024, og to miniturneringar haust 2024, der ei i haust var i regi av Lindås. Turneringar syns spelarane er veldig stas, og dei lærer mykje om samspel.

Ved utgang av 2024 er vi 10 jenter på laget, frå Lindås, Myking og Skodvin. Ei jente har slutta, men kan hende ho kjem tilbake over nyttår.

Vi har ikkje gjennomført foreldremøte i haust, men har planar om eitt no til oppstart 2025 der vi vil snakke om treningar, turneringar og utviklinga vi har sett hos spelarane gjennom hausten. Både vår og haust har vi hatt sosial samling for laget.

Trenarar er Carina Spjell Fløysand og Elisabeth Maria Andersen, lagleiar er Marita Lindås.

4.3.6 Årsberetning Jenter 8 år (2016)

Før sommeren trente laget i hallen fra 17.30-19.30 hver mandag. Laget startet opp treningene igjen etter sommeren i august, og har siden trent hver mandag fra 18-19. 11 spillere på laget. Fra Myking, Lindås og Hundvin skolekrets.

Trener for laget er Arild og Lena Rosnes Hopland. Lagleiar er Hilde Bergum.

Laget har gjennom våren og høsten deltatt på miniturneringer rundt omkring.

Det er godt oppmøte på treningene og jentene koser seg med handball.

I desember var det juleavslutning i mediateket sammen med guttelaget. Godt oppmøte, og en fornøyd gjeng fikk både julekaker, pizza og pokaler

4.3.7 Årsberetning Jenter 9 (2015)

Trenere: Camilla Dalland og

Elin Kaspara

Lagleiar: Mai Fyllingsnes

Vi begynte 2024 med 24 medlemmer, men pr dags dato er vi 20 jenter på laget. Noen har slutta og noen har tatt pause.

Vi har treninger en gang i uken og økt treningstiden til 1,5 time, noe jentene syns er gøy og det har

vert stabilt oppmøte på hele gjengen :)

Vi trener på ball koordinering, samspill og at alle føler de mestrer.

På slutten av 24 begynte vi med keeper trening og forsvars trening, noe vi fortsetter på i 25.

Trenerene og lagleiar har vert på trenerkurs, noe vi syns var veldig kjekt og fikk nye idèer og innspill fra andre klubber.

Ellers har jentene hatt mange kamp turneringer i 2024, og de er blitt veldig god på samspill og konsentrasjon på kampene, så det er veldig kjekt å se den godt utviklingen på jentene.

Vi gleiar oss til nytt år med trening, kamper og gøy

4.3.8 Årsberetning jenter 10 (2014)

Per dags dato er vi 10 jenter på laget. Jimmy og Jeanette er fremdeles trenere.

Vi startet høsten med vår første tur til Førde cup. Med få påmeldte før fristen, valgte vi likevel melde oss på , med kun 5 spillere. Det viste seg i siste liten at alle ville vær med / fikk det til likevel. Litt styrete å organisere må jeg si. MEN alt i alt en kjempegod opplevelse, med overraskende gode kampresultater! Gøy for alle.

I «serien» har vi kun hatt et lag påmeldt. Det har som oftest gått fint, men vi er sårbar. To runder har vi møtt opp uten en eneste innbytter, noe som egentlig er litt for tungt, for de fleste.

Fra i høst har vi også gått fra 60 min treningstid i uken, til 90 min. Det har vært veldig positivt.

Nytt er også at vi i år trener sammen med guttene, på samme alder. Dette har vært en veldig god opplevelse, både for oss trenere, men også jentene. Det har vært kjekt å være flere trenere sammen om å planlegge, og vi har lært mange nye, gode øvelser.

Ønskelig fra enkelte foreldre er at jentene skulle fått trent mer. Jeg har svart at det ikke er mulig pga Jimmy og min sin kapasitet. Jeg har derfor heller ikke bedt om mer halltid. Det har blitt luftet for foreldregruppen om noen andre kunne tenke seg å bidra, men ingen svar. (Heller ikke noe respons på styre-medlem»)

